



Restar av øl- og siderboksar i foret kan føra til store dyrelidingar. Bilete syner boks i gras som er hausta på Gravene på Haugland.


Det er mykje fokus på plastembalasje og plastavfall for tida. Minst like uheldig er det med øl- og siderboksar og flasker som vert kasta i graset med fare for å koma i dyreforet. Svein Otta Rørheim har nyleg funne boks i høballane som nær på kunne gått i dyra og det med store indre skader.

Svein Ottar Rørheim fortel til Uskedalen.no at det ikkje er fyrste gongen slikt skjer. Han hadde ei Simmetal ku som fekk tunga oppskoren. Kua blødde og slutta å ta til seg for. Dermed vart det heller ikkje mjølk. Han tilkalla veterinær. Det var lite å gjera og kua vart avliva.

Eit anna tilfelle var med ein okse som fekk boks i seg. Boks i magen på ein okse, som står inne i ein binge, er vanskeleg å oppdaga. Oksen stod å hangla nokre dagar. Den 3. dagen låg han og det kom blod utav munnen og endetarmen. Dagen etter var han daud.

Rørheim og andre bønder oppmodar sterkt til at ingen kastar blikkboks og flasker i graset langs vegane. I slåttan kjem det som oftast i foret ved pakking. Om ein så ikkje oppdagar det ved foring, kan det føra til store dyrelidingar og store tap.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Anne K. Rørheim



Om ein ikkje oppdagar restar av boks og flasker ved foring, kan det føra til store skader og lidingar på dyret.